

Namdalens historie

BAND 3: ETTER 1837

Namdalen er ein stor region nord i Trøndelag, sør for Helgeland. Store skogar, innsjøar og fleire fjellområde dekker mykje av distriktet, som samtidig òg har eit særlege kystlandskap. Frå gamalt batt elva Namsen saman namdal ingane, der dei møttest til marknadane i Overhalla og Nærøy. Tida etter 1837 endra denne fellesskapen, med nye samband og sosiale skilje. Namdalen vart opna opp for verda, men òg pressa av sentralisering. I denne boka ser forfatter Øystein Lydik Idsø Viken på dei lange linene i nyare tid.

Dette er forteljinga om dei ulike namdalingane, om samholdet i utkantoprørret, om striden i ressurskampen. Venstrerørsla og bonderørsla, avhaldsfolket og ungdomslaga – motkulturane har vore sterke og motsetningane tydelege. Bygderadikalisme har stått mot nasjonal konservatisme og innbiten arbeidarkamp mot hevdvunnen paternalisme. Sterk lekmannsforkynning på kysten skilde seg frå frilyndt folkekultur i innlandet. Samisk organisering starta her, i møtet med press på reindrifta og kulturell assimilering. Namdalsk identitet er bygd på sosial nærleik og sterkt kulturelt fellesskap, men det har òg skapt grobott for sjåvinisme og framandfrykt.

Hav, jord og skog – økonomien i Namdalen har vore bygd på naturressursar. Sagbruksnæringa vaks kraftig i andre halvdel av 1800-talet, og primærnæringane vart sterkt moderniserte. I mellomkrigstida kom baksmellen, med mindre etterspurnad etter tømmer og sviktande fiske til dårlege prisar. Sjølvberginga i småbruk og tradisjonelt heimfiske vart då heller redninga for mange, før dei store omleggingane her kom i etterkrigsgenerasjonen. Industrialiseringa nådde aldri dei store høgdene i Namdalen – i staden endra havbruksnæringa regional næringsstruktur. Opplevingsturismen i laksefiske og jakt har samtidig vore viktig gjennom heile perioden. Ei slik hausting av naturen har skapt store endringar i landskapet: anten det gjeld utrydda rovdyr eller rovhogst, har Namdalen fått merke nytida på mange vis.

Finst det ein namdalsk identitet i motsetningane, og kva held distriktet saman i dag? Denne boka syner dei mange endringane som har forma eit moderne norsk landskapsområde og diskuterer grunnlaget for regionalt fellesskap i ei tid med samanslåing og fråflytting.



ØYSTEIN LYDIK IDSØ VIKEN

Øystein Lydik Idsø Viken har doktorgrad i historie frå Universitetet i Oslo, på ei avhandling om kirkas rolle i statsstyret mellom 1720 og 1814. Hans spesiale er politisk historie og idéhistorie, og han har skrevet artiklar om politisk kultur, sosial makt og utvikling av offentlegheita. Viken har jobba mye med allmennretta historiefremming, og gjennom fleire artiklar og innlegg har han formidla norsk historie frå forhistorisk tid til i dag for et bredt publikum.

Spesialpris Namdal Historielag: 500,-

Ord. pris: Kr 580,- i butikk.

BESTILLES VED Å SENDE EPOST TIL:

post@namdalahistorielag.no

Oppgi navn og adresse for levering.


Faktura sendes ut separat.

Fritt levert i Namdalen.

Begrenset opplag.

FRA HISTORIELAGET

Namdal Historielag har tidligere gitt ut to bøker om Namdalens eldre historie. Denne nye boka handler om den regionale utviklinga i Namdalen etter 1837, og viser hvordan lokale og nasjonale rammer og betingelser bidrar til å forme samfunnet i denne perioden. Det praktiske arbeidet med boka er ivaretatt av regionlagets styre, mens forfatteren har stått for det faglige arbeidet i et bredt samspill med boknemnd, bildekomite, lokale historielag, relevante institusjoner og enkeltpersoner. Innfallsvinkler og tema i boka er forfatterens valg. Fra historielagets side har det imidlertid vært et ønske at boka tydeliggjør de lange linjene i samfunnsutviklinga og at det sør-samiske folkets historie i Namdalen skrives inn som en del av den felles historia. Med stor dyktighet har Øystein Idsø Viken skrevet et imponerende bokverk som vi håper vil glede og interessere mange. Vi håper at boka også vil være til nytte i den videre byggingen av våre fellesskap. Fylldige noter og bred litteraturoversikt vil gi god hjelp til de som ønsker å gå nærmere inn i Namdalens nyere historie.



Namdal Historielag

STIFTET 1946



WWW.NAMDALHISTORIELAG.NO